



Samnanger kommune

Årsplan 2023



Godkjent av samarbeidsutvalet 28.03.2023



INNLEIING

Vassloppa barnehage er ein kommunal barnehage, med for tida, tre avdelingar i drift. Me har store moderne lokale i det som før var Nordbygda barneskule. Her er det stort leikeareal og god plass til alle.

Avdelingar:

Hoppetussa: 1 - 3 år

Kolbøtta: 1 - 3 år

Akrobaten: 3 - 6 år

Barnehagen har to inngangsparti med romslege grovgarderobar. Me har stort felles kjøkken, gymsal med scene og god plass til fleksible løysingar og gruppedeling, Barnehagen har stort uteområde, og ligg tett i skogkanten slik at alle grupper kan nytte natu- ren dagleg.

PERSONALET Vår halvåret pr februar 2023

namn	stilling	stilling
Aud Lygre Solvang	Einingsleiar/styrar	100%
Lene H Holdhus	Pedagogisk leiar, Akrobaten (avløysar for styrar)	100%
Trude Tysseland Fanebust	Barnehagelærarstudent	60/100%
Anja Tysseland	Fagarbeidar, Akrobaten	100%
Berit Tysseland	Fagarbeidar helsefag, Akrobaten, Vår 2023	80%
Lise Sandvik	Fagarbeidar, Akrobaten	100%
Theresa Thuong Minh Tran	Pedagogisk leiar vår, bhg lærar haust ,	100%
Trine Byrkjeland	Fagarbeidar, Hoppetussa	100%
Liv Nordvik	Assistent, Hoppetussa 50%, Kolbøtta 10%	60%
Randi Haga	Assistent, Hoppetussa	60%%
Ane E. Prestnes	Pedagogisk leiar, Kolbøtta	100%
Miriam B. Herland	Fagarbeidar, Kolbøtta, vår 2023	100 %
Jorunn Tvedterås	Fagarbeidar, Kolbøtta (Permisjon frå Mai)	100%

FERIEORDING OG PLANLEGGINGSDAGAR

Barnehagen er open frå kl.07.00 til kl.16.30.

Me har 5 planleggingsdagar (sjå skule- og barnehagerute på kommunen si heimeside).

<https://www.samnanger.kommune.no/siteassets/innhald/skule-og-utdanning/barnehage--og-skuleruta/vedteken-skulerute-2023-2024---ajourfort-17.01.2023.pdf>

Nytt barnehageår startar onsdag 08.08.2023, med søknadsfrist for hovudopptak 01.mars.

Barna tek ut 4 veker ferie kvart barnehageår. Minst 3 av vekene skal takast ut i samanheng mellom 15. juni og 15. august. Den 4. veka takast gjerne ut i samband med jule- og påskeferie eller annan ferie. I veke 29, 30 er dei kommunale barnehagane stengt. Romjulsdagane er det felles drift, med berre ein open barnehage opningstid 8.00- 16.00. Onsdagen i påsken er stengt. (Vedtekter: <https://www.samnanger.kommune.no/innhald/barnehage/vedtekter-og-utval/>)



Ein god stad å vera
Ein god stad å leike og læra

Ein god stad og vera. Ein god stad og leika og læra.

Barnehagane og skulen i Samnanger har felles visjon, men i barnehagen er leik og læring nært knytt saman.

Mål for barnehagane i Samnanger i 2023

Barnehagane skal vera framsynte med høg kvalitet.

✚ Me skal vera ein lærande organisasjon med kontinuerleg refleksjon over eigen praksis.

Barnehagane skal vera ein attraktiv arbeidsplass.

✚ Me skal tilby kompetanseheving og læring på arbeidsplassen.

SATSINGSOMRÅDER 2023

- ✚ Revisjon av lokal plan for godt barnehagemiljø i tråd med nytt lovverk om mobbing, førebygging og tiltaksplikt som vart innført 01.01.2021.
Sjå link : [Godt barnehagemiljø](#)
Førebygging av mobbing er noko me har fokus på gjennom heile året.
- ✚ Kompetanseheving på **språkstimulering** ved bruk av symbol, bilete og enkle teikn og bruk av dagstavler ved å innføre ASK. I tillegg skal småbarnsavdelinga innføre bruk av språkverktøyet. **Bablarna**: <https://www.infovestforlag.no/categories/babblarna>
- ✚ *Babblarne-serien er laget for å gi bedre språkutvikling hos barn. Babblarna vekker nysgjerrighet og lyst til å lære, og gir en utmerket start til å utvikle språket. Når man babler og leker trener man aktivt på språkllyder, språkmelodi, begreper og grammatik. Babblarna er egnet for bedre språkutvikling hos barn generelt, men passer også for barn med forsinket språkutvikling, barn med nevrologiske vansker m.m.*

Kva er ASK?

ASK er å kommunisera på andre måtar enn gjennom talespråk.

Alternativ kommunikasjon: kommunikasjonsformer som heilt erstattar talen

Supplerande kommunikasjon: kommunikasjonsformer som kan støtte eksisterande tale, som er utydeleg eller svak, samt støtte de minste barna til å lære og utvikla språk.

ASK er alt som hjelper ein person til å kommunisera effektivt.

Rammeplan for barnehagen: Barnehagen skal anerkjenne barnas ulike språk- og kommunikasjonsuttrykk. Alle barn skal få god språkstimulering, og alle barn skal delta i aktiviteter som fremmer kommunikasjon.

Alle barn skal få medvirke til barnehagens innhold, uavhengig av kommunikasjonsevner og språklige ferdigheter (s23).

Ved å bruka **ASK** styrker me alle barn sine kognitive, kommunikative og sosiale utvikling.

Sjå video: [ASK informasjonsvideo](#)

Døme på ASK er bruk av enkle bruk av teikn, fotografi, grafiske symbol og fysiske gjenstandar. (Henta frå Udir). [Informasjon om Ask frå UDIR](#)

Denne kompetansehevinga er eit gjensidig partsamarbeid mellom Vassloppa barnehage og Høgskulen på Vestlandet. Kompetansehevingsperioden vert avslutta sommar 2023.



Kosthald og ernæring, hausthalvåret 2023

Kompetanseheving for alle tilsette. Sette oss grundig inn i og jobbe aktivt med dei nasjonale retningslinjene for mat og måltider barnehagar.

<https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/mat-og-maltider-i-barnehagen>

- ✚ **Arrangere kurs om kosthald i barnehagen for alle tilsette.**
- ✚ **MATJUNGEL ER ET GRATIS AKTIVITETSPROGRAM HVOR BARN KAN LEKE OG LÆRE OM MAT SOM ER BRA FOR KROPPEN OG KLODEN.**

Matjungelen Barnehage inneholder en verktøykasse for personalet, aktivitetsopplegg for barna og oppskrifter til bruk i barnehagen. Innholdet er i tråd med Helsedirektoratets kostråd og forankret i Rammeplan for barnehagen og Nasjonal faglig retningslinje for mat og måltider i barnehagen. Alt er tilgjengelig digitalt.

EN JUNGEL AV AKTIVITETER

Matjungelen bugner av lekne aktiviteter. Her kan barna få mulighet til å være kreative på kjøkkenet, utforske nye råvarer, bli kjent med nye smaker og lære mer om et næringsrikt og bærekraftig kosthold.

Det er de voksne i barnehagen som planlegger og setter i gang aktivitetene i Matjungelen, sammen med barna. Aktivitetene er lekpreget og fleksible, og dekker områder som matkultur, måltids glede, matmot, naturens ressurser og matlaging.

<https://barnehage.matjungelen.no/>

Fiskesprell: <https://fiskesprell.no/> Kurs for born og tilsette

Fiskesprell er et nasjonalt kostholdsprogram som har som mål å øke sjømatkonsumet blant barn og unge. Sammen med ansatte i barnehage og skole skaper vi sjømatglede, og gjør sjømat til et naturlig valg.

Evaluere alle måltid og matvarer me serverer i samarbeid med helsesjukepleiar.,

Lage ein måltid; og kosthaldsplan for Vassloppa barnehage.

- ✚ **Oppgradering av uteområde.**
Uteleikeklassen treng fornying og oppgradering.
Nye leikeapparat og universell tilpassing.

Barnehagane skal levere tenester med god kvalitet med fokus på tillit.

- ✚ Gode rutinar for samarbeid med føresette.
- ✚ God informasjon og kommunikasjon med brukarane .
- ✚ Nytt Vigilo som kommunikasjonsplattform
Gode rutinar og plan for overgang barnehage-skule og fokus på tverrfagleg samarbeid

BARNEHAGEN SITT FORMÅL OG INNHOLD

Barnehagen sitt innhald regulerast av lokale og sentrale lover, forskrifter og planar.

- ✚ Barnehagelova
- ✚ Rammeplanen
- ✚ Økonomiplanen for Samnanger kommune
- ✚ Plan for pedagogisk utvikling i Sektor oppvekst
- ✚ Plan for overgang barnehage-skule
- ✚ Handlingsplan for godt psykososialt barnehagemiljø, førebygging og tiltak mot mobbing.
- ✚ Vedtekter for dei kommunale barnehagane.



BARNEHAGEN SITT VERDIGRUNNLAG

Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling. Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng.

Det fremgår av barnehageloven § 1 at barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

(Rammeplanen s. 7)

BARN OG BARNDOM

- ✚ I Vassloppa barnehage skal me gje alle born god omsorg og gode opplevingar ved å verne om eigenverdien til barndommen. Me skal heile tida arbeide for at barnehagen vår har eit inkluderande oppvekstmiljø som er prega av leik, trivsel og glede. Det skal være fokus på barnet sitt beste i alle situasjonar der barnet er involvert. Me skal anerkjenne barna sine kjensler og uttrykk, stadig på jakt etter barneperspektivet.
- ✚ Me skal ta utgangspunkt i barna sine ulike føresetnader, støtte og rettleie, slik at barna i fellesskap med andre utviklar eit positivt sjølvbilde og tru på egne evner.
- ✚ Me må alltid vera opptekne av å møte barna med empati. Slik får dei positive erfaringar og høve til å vidareutvikle evne til empati.

- ✚ Retta søkelys mot å framheve og forsterke den positive åtferda me vil ha meir av og redusere uønska åtferd. Førebygging gjennom god organisering, gode rutinar, førebu barna og være i forkant (bruk av dags-tavler).



DEMOKRATI

- ✚ Me skal retta merksemda vår både mot enkeltbarn og barnegruppa og passe på at alle blir sett og høyrte og får delta i eit inkluderande fellesskap. Alle barna skal få høve til å vera deltakande og kome med ytringar ved t.d. planlegging, dokumentasjon, evaluering av aktivitetar og elles i barnehagekvardagen.

Korleis?

- ✚ I nokon situasjonar kan det vera snakk om avstemming der fleirtalet avgjer, eller rekkeframlegg der alle får ta ordet etter tur.
- ✚ Me gjennomfører barnesamtalar med fokus på å stille opne spørsmål.
- ✚ Me snakkar om kjensler/diskuterer normer og reglar. Barna får erfaring med og vidareutvikla det å vise omsyn til andre, øve på sjølvkontroll, vente på tur, sette grenser, ha eigne meiningar og samarbeide.

MANGFALD OG GJENSIDIG RESPEKT

- ✚ Barnehagen er ein arena som speglar det mangfaldet som finst i samfunnet elles. Alle skal ha like vilkår uavhengig av religion, kultur, kjønn og funksjonsevne. Barna skal erfara og læra korleis ein skal forholde seg til andre, at det finst ulike meiningar, variasjon i måtar å leve på og ulike typar familiar.
- ✚ Me skal formidle glede og positivitet rundt det at me alle er ulike og at alle menneske har same verdi. Barnehagen skal ta inn impulsar frå fjern og nær og bidra til at alle barn får oppleve eit kulturelt mangfald. Me ynsker å retta eit auka fokus på dette området i vår barnehage, og prøve å finne på nye aktivitetar/opplevingar. Meir kontakt og samarbeid med Skottebakken.

LIKESTILLING OG LIKEVERD

- ✚ I barnehagen ska alle barn ha like mogelegheiter.
- ✚ For å kunne fremje likeverd og likestilling, må me stadig reflektere over og vurdere eigne handlingar og haldningar. Målet er å opprette og arbeide ut frå ei felles plattform, og ein felles praksis som er i tråd med det verdigrunnlaget me finn i barnehagelova, rammeplanen og lokal plan for *Godt barnehagemiljø*.
- ✚ I barnehagen har me eit spesielt ansvar for å heile tida prøve å stå fram som gode rollemodellar.
- ✚ **Det finns ikkje vanskelege barn, berre barn som kan ha det vanskeleg.**
- ✚ Det er alltid den profesjonelle vaksne som har ansvar for relasjonskvaliteten, aldri barnet!

BEREKRAFTIG UTVIKLING

- ✚ Det å ha søkelys på berekraftig utvikling blir eit viktig tema i åra som kjem og har i stor grad samanheng med Samnanger kommune sitt verdiprojekt om det å vera framsynt.
- ✚ Det å arbeida tverrfagleg for å styrke barn og unge sin fysiske og psykiske helse, slik at dei på sikt blir robuste nok til å meistre livet, er svært viktig for utvikling av eit berekraftig samfunn. Tidleg innsats og førebygging kan spare samfunnet for store utgifter. I Samnanger har me i dei seinare åra hatt auka fokus på tverrfagleg samarbeid og driv no eit meir systemretta, førebyggjande arbeid på tvers av fagfelt.
- ✚ Å lære barn å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen er ei sentral oppgåve for barnehagen. Me må vise barna i praksis og i haldningar korleis me kan bidra til eit berekraftig samfunn og at det me gjer i dag har konsekvensar for framtida.
- ✚ Ved å ta i bruk naturen og gi barna gode naturopplevingar kan me påverke barn til å få tilhøyrslø til naturen. Det du er glad i vil du ta vare på.
- ✚ Barnehagen har rutinar for sortering av avfall (restavfall, papir og plast). Me ynskjer å ta barna med på butikken for å pante flasker og besøka bruktbuikken.

LIVSMESTRING OG HELSE

I planverk for både barnehage og skule er det krav om auka merksemd på livsmeistring og eit godt psykososialt oppvekstmiljø/læringsmiljø.

- ✚ Me arbeider kvar dag med å fremje barnas psykiske og fysiske helse. Me legg til rette for at alle barn skal trivast, oppleve livsglede, meistring og kjensle av eigenverd. Samtidig skal me støtte og rettleie barna slik at dei kan takle utfordringar og motgang, og hjelpe dei på vegen med å bli kjende med egne og andre sine kjensler.
- ✚ Eit særpreg for vår barnehage, er at me har god plass både inne og ute. Me har gymsal, ballbinge og flotte turområde. Dette gir barna høve til variert fysisk aktivitet året rundt. Men i ein ofte hektisk barnehagekvardag er det og viktig å finne rom for ro og kvile i løpet av dagen. Me legg til rette for dette med å lage til kosekrok på avdelingane og me har ein stor sovealtan.
- ✚ Me er så heldige å ha eit stort felleskjøken, og har såleis høve til å førebu og lage mat saman med barna. Sosiale, inkluderande fellesmåltid der barna får øve på å smake, lære om sunt kosthald, fremjar gode helsevanar og kan bidra til sosial utjamning.
- ✚ Alle tilsette i barnehagen har opplysningsplikt til barnevernet ved mistanke om omsorgssvikt, vald og overgrep. Jf. Barnehagelova §46.

Barnehagekvardagen skal vera allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa, med vekt på leik, skaparglede, undring og utforsking.

Arbeidet med omsorg, leik, danning, læring, sosial kompetanse, kommunikasjon og språk, skal sjåast i samanheng og samla bidra til barnas allsidige utvikling.



OMSORG

God fysisk og psykisk omsorg er ein føresetnad for at barna skal kjenne seg trygge og trivast og for at dei skal kunne vidareutvikle empati og nestekjærleik. Me skal skape gode relasjonar mellom barn og vaksne og mellom barna sjølve.

Korleis?

Korleis?

- ✚ Dette gjer me ved å møte alle barn på ein open, varm og interessert måte.
- ✚ Me verdset og gir positiv merksemd når det oppstår omsorgshandlingar mellom barn.
- ✚ Observere og sjekke ut at alle barn opplever god tilknytning og gode relasjonar til personalet og kvarandre og at dei utviklar tillit til seg sjølv og andre.
- ✚ Ha gode rutinar og nok tid til barn og foreldre i tilvenningsperioden. Nært samarbeid med foreldre / føresette med fokus på respekt og tillit.

LEIK

Leiken er sentral for barns utvikling, læring og for sosial og språkleg samhandling. Leiken har ein eigenverdi som skal anerkjennast. Barnehagen skal ta initiativ, legge til rette og inspirere til ulike typar leik både inne og ute.

Korleis?

- ✚ Me skal skape eit betre og meir inkluderande miljø med nok tid til leik. Me skal sørgje for at barna får felles erfaringar som grunnlag for leik og leggje til rette for leiketema og organisere/variere leiker og materiell som skal være tilgjengeleg for barna. Me skal jobbe med å utvikle eit betre og meir spennande leikemiljø. Organisere leiker og utstyr som inspirerer barna til meir kreativitet, samarbeid og samhandling. Gå vekk frå det å ha litt av alt og heller ha færre alternativ og nok leiker til alle.
- ✚ Me skal observere, analysere, støtte, rettleie, delta i og gjere leiken meir verdifull på barna sine eigne premisser.
- ✚ Me må være bevisste på vaksenrolla når me deltek i leiken. Være på golvet saman med barna, og delta aktivt i uteleik, ha det gøy.
- ✚ Vår barnehage har store areal både inne og ute, noko som gir gode vilkår for motorisk leik, boltraleik.

DANNING

Danning er ein livslang prosess og handlar blant anna om å utvikle evna til å reflektere over eigne handlingar og veremåtar. I danningprosessen skal barnehagen støtte barna i det å vera prøvande og utforskande til omverda og skape grunnlag for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap. Barnehagen skal bidra til at dei utviklar ei forståing av felles verdiar og normer.

Barns medverknad i avgjerdsprosessar og i utvikling av innhaldet i barnehagen står sentralt. Barnehagen skal skape ei atmosfære der barn slepp til. Der barna får høve til å utvikle kritisk tenking, etisk vurdering, evne til å yte motstand/ stå i mot gruppepress og får ein handlingskompetanse, slik at dei kan påverke eller bidra til endring.

Korleis?

- ✚ Danning skjer gjennom at varme, anerkjennande vaksne gir barna omsorg gjennom å sjå kvart enkelt barn og barnegruppas behov for; støtte, hjelp, oppmuntring, trøyst og det å reflektere saman med barna.
- ✚ Personalet har heile tida fokus på relasjonsbygging, konfliktløysing, gode samspelsmønster og det å være gode rollemodellar.
- ✚ Me brukar kvardagssituasjonar bøker og drama, til å filosofere, reflektere, samtale og undre seg over livet og ulike verdier.
- ✚ Personalet brukar bøker og verktøy som for eksempel Henry (førstehjelpskurs) og psykisk førstehjelpskoffert (grøne og røde tankar). Smiso sin rettleiar om kropp (mine private steder) for førebygging og avdekking av vald og overgrep, samt jegvet.no
- ✚ Legge vekt på glede og humor i kvardagen.

LÆRING

Læringsmiljøet i barnehagen skal vera allsidig og stimulerande og vera nært knytt til leik. Det å få vere aktive, erfare, utforske og oppleve engasjement, meistring og motivasjon er viktig for at barna skal forstå samanhengar, utvide perspektiv og få ny innsikt.

I læringsprosessen skal barna få høve til å bruke heile kroppen og alle sansane og barna skal få bidra til eiga og andre si læring.

Korleis?

- ✚ Personalet skal legge til rette for trivsel, og eit inkluderande fellesskap og sørge for at barna får bidra på sine premisser.
- ✚ Personalet skal observere og byggje vidare på barna sine interesser og engasjement og leggje til rette for læring i ulike situasjonar og aktivitetar.
- ✚ Me er kreative og sørger for at alle barn kan få rike, og varierte erfaringar og opplevingar. Me reflekterer over ulike tema, fenomen og situasjonar saman med barna.
- ✚ Me utarbeider progresjonsplanar for dei ulike fagområda, for å ivareta utvikling av innhaldet i barnehagen.



VENNSKAP OG FELLESSKAP - SOSIAL KOMPETANSE

Sosial kompetanse er ein føresetnad for positiv samhandling med andre og omfattar dugleik, kunnskap og haldningar som ein utviklar i samspel med andre. Barnehagen skal heile tida arbeide aktivt med å legge til rette for vennskap og fellesskap samt hindre utestenging. I barnehagen skal alle barn kunne oppleve det å vere viktige for fellesskapet og det å være i godt samspel med andre barn og vaksne. Sjølvkjensla til barn skal støttast, på same tid som barna må mestre balansen mellom eigne behov og det å sjå andre sine behov.

Korleis?

- ✚ Støtte og rettleie barn i ulike samspelsituasjonar. Gi positiv merksemd til gode samhandlingsstrategiar.
- ✚ Bidra til at alle har nokon å leike med og dannar vennskap med andre, kan halde på venner.

- ✚ Støtte barna til å prøve å forstå andre sitt perspektiv, sjå ein situasjon/sak frå fleire sider og reflektere over eigne veremåtar, kjensler og meiningar.
- ✚ Hjelp barna med det å kunne setje eigne grenser, respektere andre sine grenser og finne gode strategiar for å kunne løyse konflikter.
- ✚ Førebyggje, stoppe, og følgje opp, diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønster.

Sjå eigen plan på heimesida under barnehagemiljø: Godt barnehagemiljø. Handlingsrutinar mot mobbing.



KOMMUNIKASJON OG SPRÅK

Kommunikasjon og språk er ein basiskompetanse som påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Gjennom barnehagekvardagen skal barna oppleve eit allsidig og stimulerande språkmiljø. I samspel og dialog skal barna oppleve å få støtte i å kommunisere, medverke, lytte og forstå.

Korleis?

- ✚ Kommunikasjonen i barnehagen vår skal vera prega av anerkjenning. Me skal være lydhøyre og respondere på dei ulike verbale og ikkje-verbale uttrykka til barna og bidra til god språkutvikling.
- ✚ Me legg til rette for den gode dialogen ved måltid, rutinesituasjonar, i samlingsstund og leik.
- ✚ Me les bøker og fortel, brukar ord og bilete, rim og regler, lyttar til lydbøker, musikk og me syng kvar dag.
- ✚ Me har språkgrupper, med fokus på leik og me øver på grunnleggjande omgrep.
- ✚ Ved forseinka språkutvikling, uttalevanskar eller vanskar med språkforståing, blir dette fylgt opp i nært samarbeid med foreldre/ føresette, helsesjukepleiar og me får rettleiing av PPT for å vurdere og kvalitetssikre nødvendige tiltak. Dersom det er øyre, nase, hals problematikk hos barnet bør dette utgreiast.

BARNS MEDVERKNAD

Ifølge FNs barnekonvensjon har barn rett til å sei si meining i alt som vedkjem dei, og barn sine synspunkt skal vektast. Barnehagen skal legge til rette for og oppmuntre barn til å uttale seg, og gjev rom for at alle barn skal kunne erfare å få påverka det som skjer i barnehagen.

Barna sine synspunkt må sjåast i samsvar med alder og modenskap. Barn skal ikkje få tildelt meir ansvar enn det dei er rusta til å ta.

Korleis?

- ✚ Me skal vera engasjerte, lydhøyre og ta del i barna si undring og anerkjenne barn sine ulike uttrykksmåtar, samt respektere barns opplevingsverd.
- ✚ Arbeide aktivt for at alle barn skal bli sett og høyrte.
- ✚ Barns initiativ og interesse skal være førande for val av tema/ tilrettelegging for leik.
- ✚ Me skal invitere til refleksjon og meningsutveksling både i spontane og planlagde aktivitetar/ situasjonar.

SAMARBEID MELLOM HEIMEN OG BARNEHAGEN

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. (jf. Barnehagelova § 1.)

Det skal være eit nært samarbeid, god dialog med fokus på barns beste, og der begge partar har ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.

Både foreldre og personalet må respektera at barnehagen har eit samfunnsmandat og eit verdigrunnlag som det er barnehagen si oppgåve og forvalte. Barnehagen har ansvar for at barnet ikkje hamnar i ein lojalitetskonflikt mellom heimen og barnehagen.

Korleis?

- ✚ Dagleg kontakt ved levering og henting
- ✚ Kommunikasjon via **Vigilo** (Digitalt kommunikasjonsverktøy).
- ✚ Telefonkontakt.
- ✚ Oppstart foreldremøte når nye barn skal byrja i barnehagen.
- ✚ Oppstartsamtale.
- ✚ Foreldresamtalar.
- ✚ Felles foreldremøte for alle om hausten.
- ✚ Foreldreråd (alle foreldre).
- ✚ SU (samarbeidsutval) består av 2 foreldrerepresentantar, 2 frå personalet, og ein eigar representant frå Kommunestyret.
- ✚ (Arrangement: Foreldrecaffi, juleavslutning, påskefrukost, sommaravslutning).
- ✚ Foreldreundersøking.
- ✚ Samarbeid ved brukartilpassing for at barn som treng tilrettelegging.
- ✚ FUB. Nasjonalt foreldreutval.
- ✚ På foreldremøtet hausten 2021 vart det valt nye foreldrerepresentantar til samarbeidsutval, foreldreråd/foreldreutvalg for Vassloppa. Sjå nettsida for nasjonalt foreldreutval: FUB: <https://www.fubhg.no/>

Leiar for foreldrerådet : Camilla Stavnes Hisdal

Vara: Rikke Beckstrøm

Nestleiar: Anders Fossmark

Vara: Vibeke Vinje Våge

SAMARBEID MED ANDRE

- ✚ **Dråpeslottet barnehage og Aadland gards- og friluftsbarnhage:** Felles arrangement som konsert eller teaterframsyning og besøk. Samarbeid rundt overgang barnehage/skule. Felles turar/ aktivitetar for 6- åringane for å verte betre kjent med medelevar før skulestart.
- ✚ **Samnanger barneskule / SFO:** Felles foreldremøte for 6- åringane. Besøk på skulen og SFO før skulestart. Overgangssamtalar med skulen. Tverrfaglege læringsmøter.

- + **Ungdomsskolen:** Elevar kjem og er i barnehagen (valfag) operasjon dagsverk o.l.
- + **Kultur og Biblioteket:** Ulike kulturarrangement. Låner bøker, lydbøker, cd.
- + **Pedagogisk-psykologisk teneste:** Ressursteam ca. ein gong i månaden. Samarbeid og rettleiing, systemretta arbeid, samarbeid rundt enkeltbarn med samtykke frå foreldre/føresette.
- + **Helsesjukepleiar:** Tverrfagleg samarbeid der helsesjukepleiar kjem i barnehagen ca. ein gong i månaden.
- + **Fysioterapeut:** Tilrettelegging og rettleiing når barn treng særskilt hjelp og støtte.
- + **Barneverntenesta:** Me kan kontakte konsultasjonsteam for å diskutere saker anonymt. Samarbeid/ rettleiing og førebyggjande tiltak for å hjelpe barn og foreldre. Alle tilsette er etter Barnehagelova §46 pålagt opplysningsplikt, utan hinder av teieplikt, dersom det er grunn til å tru at eit barn blir mishandla eller det er mistanke om andre former for alvorleg omsorgssvikt.
- + **Basegrupper og oppvekstforum:** Systemretta og førebyggjande arbeid på tvers av ulike fagfelt i kommunen.
- + **Fagforum:** Samarbeidsorgan for alle leiarane i barnehagane, skulane og PPT.
- + **Utdanningsinstitusjonar:** Vidaregåande skular og opplæringskontoret når me har lærling i Barne og ungdomsarbeidarfaget. Høgskulen ved vidareutdanning og kompetanseheving. Studentpraksis.

OVERGANGAR

- + Me har faste rutinar for samarbeid rundt overgangar når barnet skal begynne i barnehagen, overgang frå liten til stor avdeling og overgang til skulen.
- + **Oppstart:** I juni kallar me alle foreldre/ føresette inn til samarbeidsmøte om oppstart og tilvenning i barnehagen. Alle blir inviterte til å komme på eit eller fleire besøk i juni for å bli litt kjent. I løpet av tilvenningsperioden vert det ein oppstartssamtale for dei nye barna. I løpet av vinteren har me foreldresamtalar.
- + I vårhalvåret, er det samarbeid rundt tilvenning mellom avdelingane: frukost og lunsj besøk, leikebesøk, overgangssamtalar mellom pedagogane.
- + I løpet av hausten er det foreldresamtalar for alle barn som har skifta avdeling.

BARNEHAGEN SOM PEDAGOGISK VERKSEMD

Det pedagogiske innhaldet i barnehagen skal planleggjast og vurderast i samråd med barn og foreldre. For å oppnå dei måla som er skissert i barnehagelova og rammeplanen skal og må barnehagen vera ein lærande organisasjon.

PLANLEGGING

Planlegging av det pedagogiske arbeidet legg grunnlaget for å tenkje og handle langsiktig og systematisk. Planlegging skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa og er ei synleggjering og realisering av rammeplanen, samt ei kjelde til refleksjon og utvikling

av verksemda. Utgangspunkt for planlegging er observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og dialog med barn og foreldre.

Korleis:

- ✚ Me nyttar planleggingsdagar, personalmøte, pedagogmøter og avdelingsmøter til planlegging og fagleg utvikling/ kompetanseheving.
- ✚ Arbeider aktivt for å involvere barn og foreldre i planleggingsprosessar.
- ✚ Personalet skal saman utvikle ein lokal og levande årsplan.

VURDERING

Det viktigaste i vurderingsarbeidet er å sikre at innhaldet og kvaliteten for alle barn er i tråd med barnehagelova og rammeplanen. Dette skjer gjennom jamleg vurdering og analyse av det pedagogiske arbeidet i barnehagen

Korleis:

- ✚ Personalet vurderer kontinuerleg barnehagekvardagen og teamarbeid avdelingsvis og på pedagogiske leiarmøte. På planleggingsdagar og personalmøte har me og felles vurdering og refleksjon av det pedagogiske arbeidet vårt med fokus på utvikling, forbetring og det å oppretthalde ein lærande organisasjon.
- ✚ Foreldre / føresette si stemme er ein viktig del i vurderingsprosessen. Dette skjer gjennom dagleg dialog, foreldresamtalar, foreldreråd, foreldremøte og samarbeidsutval, samt foreldre undersøking anna kvart år.
- ✚ Barna skal påverke og ta del i sin eigen barnehagekvardag og personalet må møte barna med respekt og vera opne for deira innspel uttrykk og utsegn. Barneperspektivet og barns beste er den viktigaste måleininga for vurderingsarbeidet.

DOKUMENTASJON

Dokumentasjon er den informasjonen som er grunnlaget for vurderingsarbeidet.

Synleggjering av kva barna erfarer, opplever og lærer i barnehagen skal gi eit bilete av det pedagogiske arbeidet slik at foreldre, lokalmiljøet og kommunen får nok informasjon for å kunne vurdere og sikre kvaliteten i barnehagen.

Personopplysningar skal handsamast i samsvar med personopplysingslova.

Foreldre har rett til å sjå og få utlevert dokumentasjon om eigne barn og til å få sletta eller korrigere opplysningar som er feilaktige eller misvisande.

Korleis:

- ✚ Fortløpande dokumentasjon/ informasjon både tekst og bilete via Vigilo.
- ✚ Foto utstilling
- ✚ Utstillingar av det barna har laga.
- ✚ Samtalar med barn som blir skrive ned.
- ✚ Synleggjering av barns synspunkt og interesser.
- ✚ Me utleverer kun personopplysningar til andre instansar når foreldre har gitt samtykke til det. Kravet om samtykke fell bort i saker der det er opplysningsplikt til barnevernet, (barnehagelova § 22).

ARBEIDSMÅTANE I BARNEHAGEN

Personalet skal variere arbeidsmåtene og tilpassa dei til enkeltbarn og barnegruppa.

Variasjon i arbeidsmåtar kan bidra til å gjere innhaldet spennande og allsidig.

Arbeidsmåtene skal skape engasjement, interesse og motivasjon og gi barna nye opplevingar og erfaringar.

Korleis:

- ✚ Me skal ta omsyn til barna sine erfaringar, interesser, synspunkt og initiativ i kvardagen og ved val og gjennomføring av tema og prosjekt.
- ✚ Me skal gi rom for leik, kreativitet og improvisasjon, og veksle mellom spontane og planlagde aktivitetar. Det er lov å endre på planen og ha søkelys på barneperspektivet der og då.
- ✚ Variasjon i inntrykk og gi barna høve til å uttrykke seg på ulike måtar.
- ✚ Me arbeider tverrfagleg og heilskapleg i tråd med dei ulike delane i rammeplanen.
- ✚ Me tek i brukar nærmiljøet og lokale tilhøve når me planlegg og gjennomfører aktivitetar.
- ✚ Me vurderer jamleg dei ulike arbeidsmåtene.

PROGRESJON

Korleis:

- ✚ Barna skal oppleve progresjon i barnehagen. Det betyr at barna skal utvikla seg, lære og oppleve meistring og framgang gjennom heile barnehageforløpet.
- ✚ Det skal leggjast til rette for progresjon gjennom val av innhald, arbeidsmåtar, leiker, utstyr og materiale og utforming av fysisk miljø.
- ✚ Barna oppleve å få ulike utfordringar og forventningar i høve til alder og utvikling. (sjå side 18-19)

DIGITAL PRAKSIS


- ✚ Digitale verktøy blir nytta i barnehagen i høve til leik, kreativitet og læring der personalet skal delta aktivt samen med barna.

Korleis:

- ✚ Me brukar iPad, mobiltelefon, til å ta bilete og video, undersøke fakta, utforske og undre. Me spelar musikk og ser på bilete og film, gjer lydopptak.
- ✚ Me nyttar Vigilo til kommunikasjon og informasjonsplattform mellom tilsette og barn og foreldre.
- ✚ Det vert kjøpt inn to digitale tavler med veggheis. Desse tavlene vert montert på Akrobaten og Springoten.
- ✚

Dagsrytme på Akrobaten og Springfoten


7.00	Barnehagen opnar
7.00-8.15	Frileik på avdelinga fram til frukost
8.30	Frukost, borna har med matpakke
9.30	Aktivitetar. Forming, leik, førskuleklubb, gruppeaktivitetar, song, baking, turar og gymsal.
12.00	Lunsj
12.30	Kviletid. Toalettbesøk.
13.00 – 14.30	Uteleik
14.30 – 15.00	Fruktmåltid
	Frileik og aktivitetar inne eller ute fram til stengetid.
Kl.16.30	Barnehagen stenger.



Kl.07.00-14.30:	Tidlegvakta er på jobb
Kl.07.45-15.15:	Mellomvakta er på jobb
Kl.08.30-16.00:	Mellomvakt 2 er på jobb
Kl.09.00-16.30:	Seinvakta er på jobb

Dagsrytme på Hoppetussa og Kolbøtta

7.00	Barnehagen opnar
7.00-8.15	Frileik på avdelinga fram til frukost
8.15	Frukost, borna har med matpakke
9.15	Aktivitetar. Forming, leik, små song og le- sestunder, baking, turar, gymsal og bleie- skift.
10.00	Påkledning Uteleik
11.30	Lunsj
12.00	Sovetid. Bleieskift, Toalett. Frileik for dei som ikkje søv.
Kl.14.30	Fruktmåltid Frileik og aktivitetar inne eller ute fram til stengetid
Kl.16.30	Barnehagen stenger.



Kl.07.00-14.30:	Tidlegvakta er på jobb
Kl.08.15-15.45:	Mellomvakta er på jobb
Kl.09.00-16.30:	Seinvakta er på jobb

PROGEEJONSPLAN, FAGOMRÅDENE

<p>Natur, miljø og teknologi</p> 	<ul style="list-style-type: none"> • Barna skal få oppleve gleden av å vera ute. • Undra seg over naturen sine fenomen. F.eks. dyr, fuglar, blad som fell frå trea, varmen frå sola, regnet osv. • Plante frø. • Berekraftig utvikling • Kjeldesortering 	<ul style="list-style-type: none"> • Barna skal få kunnskap om dyr og fuglar i nærmiljøet. • Observera/forska på skiftingar i veret og naturen; varme/kulde, regn/snø, is/vatn osv. • Utforska og oppleve nærmiljøet til fots. • Berekraftig utvikling • Kjeldesortering 	<ul style="list-style-type: none"> • Innsikt i miljøvern og samspelet i naturen. • Lagar konstruksjonar av ulikt materiale. • Oppdagingsferd i nærmiljøet. • Livet i fjæra. • Berekraftig utvikling • Kjeldesortering • Livssyklus til menneske
<p>Kunst, kultur og kreativitet</p> 	<ul style="list-style-type: none"> • Barna blir invitert til leik og eksperimentering med teikning og måling. • Lytting og rørsle til musikk. • Erfaring m/ forskjellige materiale og verktøy • Dramatisera enkle situasjonar og eventyr 	<ul style="list-style-type: none"> • Dramatisera enkle situasjonar og eventyr. • Barna skal leike og utforska med måling, modelerkitt, lim, saks osv. • Oppleva ei teaterframsyning. • Erfaring m/forskjellige materiale og verktøy 	<ul style="list-style-type: none"> • Barna skal dramatisera eventyr/songar/situasjonar for kvarandre. • Høgtlesing. • Song og dans. • Lytta til musikk. • Oppleva ei teaterframsyning. • Erfaring m/forskjellige materiale og verktøy • Kunstopleving
<p>Mengde, rom og form</p> 	<ul style="list-style-type: none"> • Barna skal kunne orientera seg i de ulike romma i barnehagen, inne og ute. Øve på retning og plassering. • Barna skal bli kjend med talomgrepa 1-10 gjennom leik med rim, regler og eventyr. • Barna skal få kjennskap til matematiske omgrep ved at dei vaksne er bevisste over ord dei bruker i kvardagen. 	<ul style="list-style-type: none"> • Barna skal få kjennskap til spel, t.d. ludo, memory og lotto. • Barna skal få kjennskap til ulike geometriske former og storleikar. • Sortering og systematisering av ulikt materiale. • Teljing i og bruk av grunnleggande matematiske omgrep i kvardagen 	<ul style="list-style-type: none"> • Barna skal få kjennskap til tall og mengde. • Barna skal arbeide med enkle matematiske oppgåver og utvikle talomgrepa. (førskuleklubb) • Bruke mattesekken. • Erfaring med problemløysing • Teljing i og bruk av grunnleggande matematiske omgrep i kvardagen
<p>Kropp, rørsle, mat og helse.</p> 	<ul style="list-style-type: none"> • Gymsalaktivitetar der dei skal oppleve mestring ved fysisk aktivitet og gode fellesopplevingar. • Bevege seg i ulendt terreng i og utanfor barnehagen. • Aktiv leik inne og ute. • Smake på ulik mat. • Dagsrytme, veksle mellom aktivitetar, kvile og mat • Få kjennskap til eigen kropp • Setje ord på eigne kjensler 	<ul style="list-style-type: none"> • Besøk i gymsalen der dei skal oppleve grunnleggande ferdigheiter som krype, åle, rulle, krabbe, gå, springe, hoppe, hinke osv. • Barna skal ha en fast turdag i veka. • Trene på gode hygiene rutiner i kvardagen. • Fokus på sunne matvarer gjennom at barna får delta i planlegging av måltid og i matlaging. • Dagsrytme, veksle mellom aktivitetar, kvile og mat • Bli trygge på eigen kropp, og få ei positiv oppfatning av seg sjølv. • Førstehjelp for born, Henry. Raude og grønne tank 	<ul style="list-style-type: none"> Barna skal få kunnskap om kosthaldssirkelelen. • Lage mat saman med dei vaksne. • Barna skal gjennomføre lengre turar i nærmiljøet. • Leik i gymsalen og ute, ulike ballspel og rørsleleikar • Bli trygge på eigen kropp, og få ei positiv oppfatning av seg sjølv. • Førstehjelp for born, Henry • Raude og grønne tankar.

**Kommunikasjon,
språk og tekst**



Hjelpe barna å setje ord på følelsar og opplevingar.
Øve på enkle songar, sangleikar og regler.
Repetisjon og gjentakning. Øve og lære grunnleggande omgrep
Sjå /lese i bøker . Sjå film / video.
Snakkepakken, Bablarna
Bruke digitale verktøy saman med ein vaksen.
ASK som supplerende kommunikasjon med bildestøtte.

Barnet sett ord på kjensler og handlingar.
Barnet skal kunne syngje enkle songar/regler.
Rolleleik.
Språkgruppe med fokus på riktig uttale.
Lyttel/les forteljingar og eventyr.
Kjennskap til IPad.
Snakkepakken og språksprell
ASK som supplerende kommunikasjon med bildestøtte.

Barnet sett ord på kjensler og opplevingar og kan formidla eit bodskap til ei gruppe barn og vaksne.
Følgje med i bøker utan bilete.
Kunne gjenfortelje frå høgtlesing.
Kunne bruke enkle apper på IPad.
Utforske, og gje seg erfaringar med skriftspråklege uttrykk
Førskuleklubb/ trampoline ,læra seg å skriva namnet sitt
Regelleik og konflikthandtering.
ASK som supplerende kommunikasjon med bildestøtte.
ASK som supplerende kommunikasjon med bildestøtte.

Etikk, religion og filosofi



Barna skal gjennom song, dans og musikk få ei kulturell oppleving.
Enkel markering av høgtider og merkedagar.
Vera del av eit fellesskap.
Samtale og undring. Tradisjonar og høgtider.

Vidareutvikle toleranseomgrepet, og respekt for kvarandre gjennom konkrete handlingar og samtaler.
Barnehagen skal gje barna kunnskap om og mogelegheit til å verta kjend med andre kulturar enn sin eigen.

- Barna skal i samtaler undra seg over små og store hendingar i løpet av dagen.
 - Kjennskap til høgtider og merkedagar.
 - Utvikle interesse og respekt for kvarandre og forstå verdien av likskapar og ulikskapar i et fellesskap

Nærmiljø og samfunn




- Barna skal bli kjend med barnehagen og området rundt.
- Vera oppmerksom på barnas kroppsspråk. (barns medverknad)
- Markere samefolkets dag
- Trafikkopplæring i nærrområde (Trygg trafikk)
<https://www.tryggtrafikk.no/opplaering/barnehage/>

Delta i grupper på tvers av avdelingane.
Bli kjent med, og utforske barnehagens nærmiljø til fots.
Kjennskap til barnekonvensjonen.
Bli kjende med at samefolket er Noregs urfolk.
Lære å orientere seg og ferdast trygt.

Samtale om kulturelt mangfald, levemåtar og familieformer.
Reflektere rundt innhaldet i barnekonvensjonen.
Få kjennskap til samisk kultur
Bli kjend med institusjonar og stader i nærmiljøet.
Lære å orientere seg og ferdast trygt.

ÅRSJUL



Leik

